

Finn pronomenen

Marker alle personlege pronomenen og spørjepronomenen i denne teksten:

I min vennelause ørken er det tanken på Selma som har gjort at eg har overlevd. Minna frå sommarferiene våre er det eg har klamra meg til. Venta på. Lengta etter. Talt ned dagane til ho skulle komme. Som intravenøs næring. Og no sit ho her. Endeleg! Og er like til stades som ei utstillingsdokke i eit butikkvindaug.

- Kva heiter han? spør eg og bryt den timelange stilla.
- Æh, kven? svarer Selma utan å sjå opp frå mobilen.
- Han du tekstar med heile tida, kanskje ...?

Eg prøver meg på eit smil som ho ikkje gjengjelder. Dei slanke fingrane feiar over tastaturet og endar opp på «Send».

– Johnnien, mumlar ho på den syngjande bergenske måten sin og seier ikkje meir.

Eg gir opp og går ut på verandaen. Det er gloheitt i solsteiken. Klokka er halv ni om kvelden, men det er lyst som om det var midt på dagen. Dersom eg ikkje tek heilt feil, driv Joakim og skifter til fotballtøy akkurat no. Dei har nemleg sein trening på fredagar. Så diskuré eg kan, lener eg meg mot den oppvarma stjerneikkerten og vrir han i retning av vindaugget hans i andre etasje.